



Lærdal kommune  
Postboks 83  
6886 LÆRDAL

Vår dato:  
01.10.2020  
  
Dykkar dato:  
20.09.2020

Vår ref:  
2019/23555  
  
Dykkar ref:  
2194e64a-7260-4c3e-  
bb99-cf496259bfd7

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Lærdal kommune – budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023

Lærdal kommunestyre handsama og vedtok opphavleg budsjett 2020 og økonomiplanen for 2020 – 2023 etter gamal kommunelov. Difor har kommunestyret i møtet 07.05.2020, sak 27/120, på nytt handsama og vedteke budsjettet og økonomiplanen. Fylkesmannen har først motteke saksdokumenta til orientering, og deretter hatt ei oppfølging overfor kommunen og fått inn nye økonomiske oversikter.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunen følgje opp.

Som følgje av koronautbrotet får kommunane utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde etter kommunestyrets vedtak i møtet 7. mai, som vart gjort med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av koronautbrotet særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

### Oppsummering

*Lærdal har som kraftkommune høgare inntekter per innbyggjar samanlikna med andre kommunar. Dette gjeld også etter at det vert korrigert for utgiftsbehovet til kommunale tenester. Dette bør gje eit grunnlag for tilfredsstillande netto driftsresultat etter kommunestyrets målsetjing på tre prosent av driftsinntektene, og såleis legge grunnlaget for ein fri eigenkapital på nivå med gjennomsnittet for landet. Dette vil gjere det mogleg å ta vare på kommunen sin formue, oppretthalde ein driftsmargin/reserve og setje av midlar til investeringar.*

*Fylkesmannen meiner at kommunen legg opp til ei for sterk auke i lånegjelda samanlikna med utvikling av driftsinntektene. Kommunestyret følgjer ikke opp eigen handlingsregel, som seier at årleg låneopptak skal avgrensast til betalte avdrag same år. Dette betyr auka finansutgifter, som får konsekvensar for midlar*



som skal brukast til tenester for innbyggjarane. Kommunen bør prioritere å gjennomføre ei analyse av låneporteføljen, som m.a. skal vise samansetjing av lånegjelda og netto renteeksponering. Dette er for å få eit betre grunnlag for framtidig planlegging og avgjerder som påverkar utvikling av lånegjelda og konsekvensar av det.

### Kommunelov med forskrift for økonomiforvaltninga

Vi viser til vårt brev av 07.11.2019 om handsaming og innsending av budsjett og økonomiplan til Fylkesmannen. I brevet er det omtalt at budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 skal vere utarbeidd, vedteke og oppsett etter ny kommunelov med tilhøyrande forskrift for økonomiforvaltninga. I forskrifa for økonomiplan og årsbudsjett er det m.a. krav om følgjande nye økonomiske oversikter:

- løyvingsoversikter drift etter forskrifa § 5-4
- løyvingsoversikter investeringar etter forskrifa § 5-5
- økonomisk oversikt drift etter art, jf. forskrifa § 5-6
- oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i planperioden, jf. forskrifa § 5-7.

Lærdal kommune har i ny handsaming utarbeidd økonomiske oversikter etter gjeldande kommunelov og forskrift, men utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar skal etter ny lov visast og omtalast tydelegare. I den tekstlege delen av budsjettdokumentet omtalar og viser kommunen framleis til gamal kommunelov, noko som altså ikkje er rett.

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande overordna økonomiske måltal/handlingsreglar:

- *For å støtte opp under målsetninga om å ha ein berekraftig økonomi har kommunen mål om eit nettoresultat på 3 % som vert sett av til disposisjonsfond og at me har reservar på 4-5 % av samla driftsinntekter.*
- *For å unngå for høg lånbelastning, og for å minke kostnadane til renter og avdrag, vert det føreslege at ein på sikt må innarbeide ein handlingsregel som seier at årleg låneopptak skal avgrensast til betalte avdrag same år.*

### Budsjett 2020

Kommunen budsjetterer med eit negativt netto driftsresultat på -2 mill. kroner, som utgjer -0,8 prosent av driftsinntektene. Etter bruk av bundne fond på 8,6 mill. kroner til å dekkje utgifter i drifta, er budsjettet balansert med avsetjing til disposisjonsfond på 6,6 mill. kroner. Etter Kostra-tal<sup>1</sup> for 2019 har kommunen 4,7 mill. kroner i disposisjonsfond. I tillegg har kommunen etter 2019 eit resultat (meir-/mindreforbruk) på 6,7 mill. kroner.<sup>2</sup> Fri eigenkapital drift i prosent av driftsinntekter er etter dette 4,1 prosent. Gjennomsnittet for alle kommunane i landet (eks. Oslo) er 12 prosent.

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjetterte med 149,4 mill. kroner. Utvikling av folketalet samanlikna med landet har stor betydning for kommunens frie inntekter. For Lærdal vart folketalet i 2019 redusert med 25 personar, som utgjer -1,2 prosent. Veksten for heile landet var 0,7 prosent. KS sin prognosemodell etter oppdaterte folketal per 1. januar, viser ein prognose for kommunen på 148,9 mill. kroner.

<sup>2</sup> og <sup>3</sup> Kostra-konserntal 2019



Av andre sentrale inntekter for kommunen er det budsjettet med 14,4 mill. i egedomsskatt, 16,5 mill. frå gevinst ved sal av konsesjonskraft, 7,5 mill. kroner i konsesjonsavgifter etter kraftutbyggingar og 8 mill. kroner i utbytte frå kraftselskap.

Kommunen budsjetterer med investeringar i anleggsmiddel på til saman 90 mill. kroner. Den største enkelt investeringa er næringsområde Håbakken 1 med 17,6 mill. kroner. For VA-området (vatn og avlaup) skal det investerast for 33,4 mill. kroner. Investeringane er finansierte med nytt lånepotak 55,6 mill. kroner, (av dette lån til VA-investeringane på 33,4 mill. kroner), bruk av bundne investeringsfond 20,4 mill., momskompensasjon 11,3 mill. og sal av tomter Håbakken 1 med 3,4 mill. kroner. Avdrag er budsjettet med 13,1 mill. kroner. Etter Kostra-tal<sup>3</sup> for 2019 har Lærdal 316 mill. kroner i langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar), som utgjer 113 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet (eks. Oslo) er 111 prosent.

### Økonomiplan 2020 – 2023

Det er i perioden 2021–2023 kvart år budsjettet med negative netto driftsresultat på -1 prosent av driftsinntektene. For heile økonomiplanperioden er dei negative resultata dekte inn med netto bruk av ubundne driftsfond, til saman 34,4 mill. kroner. Balansen viser ei fondsbehaldning på 20,3 mill. kroner ved inngangen til 2020. Etter bruk av bundne driftsfond er det avsett 26,2 mill. kroner til disposisjonsfond. Skatteinntekter og rammetilskot er i heile perioden budsjetterte på same nivå som for 2020. Andre sentrale inntekter, som nemnt under budsjett 2020, er vidareførte på 2020-nivå.

I perioden 2021–2023 planlegg kommunen investeringar i anleggsmidlar for 76 mill. kroner. Samla er investeringar i heile økonomiplanperioden på 166 mill. kroner, av dette finansierte med lånepotak på 124,6 mill. kroner. Sum budsjetterte avdrag for heile perioden er 42,4 mill. kroner.

### Fylkesmannens vurderingar

*Lærdal har som kraftkommune høgare inntekter per innbyggjar samanlikna med andre kommunar. Dette gjeld også etter at det vert korrigert for utgiftsbehovet til kommunale tenester, som då viser at kommunen har frie inntekter (inkl. egedomsskatt, konsesjonskraft-/heimfallsinntekter, havbruk) i 2019 som ligg 7 prosent over landsgjennomsnittet av inntekter per innbyggjar.<sup>4</sup> Dette bør gje eit grunnlag for tilfredsstilande netto driftsresultat etter kommunestyrets målsetjing, og såleis legge grunnlaget for ein fri eigenkapital på nivå med gjennomsnittet for landet. Dette er for å ta vare på kommunen sin formue, oppretthalde ein driftsmargin/reserve og setje av midlar til investeringar. Etter slik kommunen har budsjettert bruk av bundne driftsfond, vil det frå 2023 ikkje vere tilstrekkeleg med midlar i balansen. Dermed er det heller ikkje midlar til planlagt budsjettet avsetjing til disposisjonsfond. Økonomiplanen i 2024 er difor ikkje reelt i balanse, utan at det blir brukt disposisjonsfond.*

*Etter budsjetterte investeringar og planlagt finansiering av desse, vil lånegjelda samanlikna med driftsinntektene auke sterkt i økonomiplanperioden. Berekingar viser at brutto lånegjeld ved utgangen av 2024 vil utgjere 150 prosent av driftsinntektene. Kommunestyret følgjer difor ikkje opp eigen handlingsregel, som seier at årleg lånepotak skal avgrensast til betalte avdrag same år. Dette betyr auka finansutgifter, som får konsekvensar for midlar som skal brukast til tenester for innbyggjarane. Fylkesmannen meiner at kommunen bør prioritere å gjennomføre ei analyse av låneporteføljen, som m.a.*

<sup>3</sup> Kostra-konserntal 2019

<sup>4</sup> Komm.prp. 2021 tabell 2.4



skal vise samansetjing av lånegjelda og netto renteeksponering<sup>5</sup>. Dette er for å få eit betre grunnlag for framtidig planlegging og avgjerder som påverkar utvikling av lånegjelda og konsekvensar av det.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

---

<sup>5</sup> Kva ei renteauke på ein prosent isolert sett vil belaste kommuneøkonomien med